Møre og Romsdal fylke

Statkraft SF Region Midt-Norge
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

Dykkar ref.:	Dykkar dato:	Vår ref.:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		FM2003/10203/LESA/443.1	Bjarne Otnes, 71258469	05.03.2004

Nesset kommune
Statkraft SF, Region Midt-Norge
Utsleppsløyve for kultiveringsanlegg for laks og sjøaure.

Med heimel i forskrift om Møre og Romsdal einskapsfylke, godkjent av Kommunal- og regionaldepartementet 22.12.2003, er fylkesmannen si myndigheit etter forureiningslova lagt til Møre og Romsdal fylke i ein forsøksperiode frå 01.01.2004.

I medhald av §§ 11 og 16 i Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 (heretter forureiningslova), gjev Møre og Romsdal fylke med dette Statkraft SF løyve til utslepp til luft og vatn frå eit oppdrettsanlegg på følgjande lokalitet:

Lokalitet	Kommune	Aust	Nord	Antal	Varigheit
Ugla	Nesset	454400	6983700	50.000 stk. 2-årig laks 2.500 stk. 2-årig sjøaure	Permanent

Kartreferanse er gjeve i Geodetisk Datum EUREF89.

Løyvet gjeld på dei spesielle og generelle vilkår som følgjer vedlagt.

Ramme for løyvet:
Løyvet gjeld frå det tidspunkt anlegget har fått konsesjon etter Lov om laksefisk og innlandsfisk. Dersom anlegget ikkje har etablert seg, utvida eller flytta innan 2 år, må det etter forureiningslova § 20 gjevast melding til fylket, som avgjer om det må sendast inn ny søknad.

Løyvet gjeld for utslepp frå oppdrettsverksemd med eit produksjonsvolum på maksimalt 50.000 stk. 2-årig laks og 2.500 stk. 2-årig sjøaure pr. år.

Løyvet gjeld også for utslepp frå reingjering av bygningar, kar og anna produksjonsutstyr, fôrtillaging, medisinering og avfallshandtering knytt til verksemda ved anlegget.

Løyvet gjeld ikkje for slakting/sløying av fisk.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Telefaks:	E-post:	Web:
Fylkeshuset N-6404 Molde	Julsundveien 9	71 25 80 00	71 25 85 10	postmottak@mrfylke.no	www.mrfylke.no

Grunngjeving:
Statkraft SF har fram til no hatt ein delt produksjon av settefisk for utsetting i Eira. I anlegget ved Ugla har ein produsert yngel som så er flytta til anlegget i Eikesdalen for påvekst fram til setteklar storleik. Ein ønskjer no å samle all produksjon i anlegget ved Ugla. Det er søkt om ein produksjon på 50.000 stk. 2-årig laks og 2.500 stk. 2-årig sjøaure. Anlegget vil generere 1.440 kg suspendert tørrstoff pr. år, med eit biologisk oksygen-forbruk (BOF_7) på 2.400 kg O_2 pr. år, og 38,4 kg total-fosfor pr. år.

Stakraft SF søker om løyve til utslepp etter reinsing av 720 kg suspendert tørrstoff pr. år, med eit biologisk oksygenforbruk (BOF_7) på 1.800 kg O_2 pr. år, og 19,2 kg total-fosfor pr. år. Omsøkt reinseløysing er mekanisk mikrosil med 60-80 my lysopning.

Avløpet er søkt lagt til Eira, med utsleppløysing vist i brev av 16.02.2004. Løysinga inneber å legge avløpet til eit hurtigstrøymande parti av elva mellom Torhushølen og Kyrkjehølen. Utsleppsleidningen blir greina ut på 5 mindre utsleppsrøyr før utslepp i djuprenna midt i elva. Den skisserte løysinga vil såleis bidra til hurtig innblanding og fortynning i elvevatnet. Samtlege berørte grunneigarar og rettigheitshavarar går inn for løysinga, jf. avtalar oversendt i brev av 01.03.2004 frå Statkraft. Nesset kommune har i brev av 09.12.2003 ikkje innvendingar til søknaden, men rår til at effekten av utsleppet blir overvaka.

Møre og Romsdal fylke er i utgangspunktet sterkt kritisk til utslepp av denne storleik og reinsegrad til ferskvassresipientar. Eit kloakkutslepp ville mest sannsynleg få krav om høgare reinsegrad. I høve til kloakkutslepp er utsleppet her sterkt fortynna, og med det vanskelegare å reinse.

Isolert sett vil det omsøkte utsleppet truleg ha minimal innverknad på vasskvaliteten i Eira. Det er sannsynlegvis andre menneskapte tilførslar av større betydning i området. I forvaltninga av ferskvassressursane er det imidlertid viktig å redusere alle kjelder så langt det er praktisk og økonomisk forsvarleg.

Særlege grunnar for å gi løyve som omsøkt er i dette tilfellet at kultiveringsanlegget har stor betydning for laks- og aureinteressene i Eira. Vidare at eksisterande bygningsmasse, rettighetsforhold og vasstilgang legg føringar for kva løysingar som er praktisk og økonomisk mogleg å få til. Ved å samle all produksjon i Eresfjorden får ein avslutta dei dokumentert uheldige utsleppa i Eikesdalen. Ein vil også få sanert det ureinsa utsleppet til Ugla frå dagens produksjon i Eresfjorden.

Ut i frå dette kan Møre og Romsdal fylke akseptere søknaden frå Statkraft. Vi vil imidlertid stille krav om at det blir gjennomført granskingar som kan dokumentere i kva grad utsleppet fører til eventuelle effektar på utsleppsstaden. Overvakinga skal omfatte vassprøver og groeprøver tatt opp- og nedstraums for utsleppet. Forslag til overvakingsopplegg (prøvepunkt, parameterutvalg og prøvefrekvens) skal Statkraft legge fram for fylket for godkjenning innan 30 dagar etter at endeleg løyve etter lakse- og innlandsfiskelova er gitt. Sjå elles punkt 7 i vilkåra.

Erstatningsansvar:
Utsleppsløyvet fritek ikkje for erstatningsansvar for forureiningsskade etter forureiningslova § 10 og kap 8.

Klagerett mv.:
Vedtaket kan påklagast til Statens forureiningstilsyn (SFT) etter reglane i kap. VI i forvaltningslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Klage skal sendast til fylket innan 3 veker frå vedtaket har teke til å gjelda, dvs frå det tidspunktet anlegget har fått konsesjon etter lakse- og innlandsfiskelova. Klagen skal visa til det vedtaket som klagen gjeld og den eller dei endringer som klagaren ynskjer. Klagen bør grunngjevast, og eventuelle opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan fylket eller SFT etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klagen er endelig avgjort, jf § 42 i forvaltningslova.

Partane i saka har rett til å sjå saksdokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19. Fylket vil på førespurnad kunne gje nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Med helsing

Kolbjørn Megård (e.f.)
seksjonsleiar

Bjarne Otnes
overingeniør

Kopi: Nesset kommune
Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal, Postboks 1323, 6001 Ålesund
Mattilsynet, Postboks 383, 2381 Brummunddal
Eira Elveeigarlag, v/Per Even Opsal, 6470 Eresfjord
Svein Magne Myrvang, 6470 Eresfjord

Vedlegg til utsleppsløyve av 05.03.2004
til Statkraft SF

VILKÅR FOR LØYVET

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogeleg.

Det er berre tillete med bruk av tørrfôr eller mjukfôr.

Definisjonar:

Mjukfôr/pellets: Oppmalen fisk/fiskeavfall, tilsett så mykje bindemiddel at det kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.
Tørrstoffinnhald > 50 %

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

1.2 Avløp

Utsleppsleidning skal førast ut i Eira som vist i søknaden. Leidningen må forankrast slik at den ikkje flyt opp eller endrar plassering.

Avløpet skal reinsast ved mekanisk filter med lysopning 60-80 my.
Oppsamla fôrspill/ekskrement skal handterast i samsvar med pkt 4.

Avløpsvatn som inneheld feitt frå fôrkjøkken skal passera feittavskiljar før utslepp. Feittavskiljaren skal utformast, dimensjonerast og drivast i samsvar med NTNF-Indrens veiledning nr. 1.

1.3 Medisin/kjemikalier

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmidlar mm. skal skje i samsvar med gjeldande regelverk/retningsliner frå forureiningsstyresmaktene.

Ved foring med medisinfôr skal mest mogeleg av fôrspill og ekskrement samlast opp ved hjelp av sil, filter o.l.

Oppsamla fôrspill/ekskrement skal handterast i samsvar med pkt 4.

1.4 Sanitæravløpsvatn

Utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom mm må godkjennast av kommunen i samsvar med gjeldande reglar for utslepp.

1.5 Utforming av anlegg/rensing

Alle oppdrettskar skal vera av sjølvrensande type . Tilhøva skal leggjast til rette for eventuell seinere reinsing av avløpsvatnet.

2. UTSLEPP TIL LUFT

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av utstyr, handtering av avfall samt andre aktivitetar ved anlegget skal føregå på en slik måte at dei ikkje fører til urimelege luktulemper for naboar mm.

3. STØY

Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyulemper. Grenseverdiar for tillatt støy følgjer SFT sine til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for begrensning av støy frå industri m.v.

4. AVFALL OG SLAM

4.1 Produksjonsavfall og slam

Død fisk, fôrrestar, slam, feitt o.l skal handterast slik at det ikkje oppstår forureiningsmessige ulemper.

Død fisk skal takast opp av produksjonseiningane minst ein gong kvar dag i sommarhalvåret og minst ein gong annankvar dag i vinterhalvåret. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal frekvensen aukast tilsvarande.

Avfallet skal behandlast slik at det i størst mogeleg grad kan utnyttast til fôr. Oppsamla død fisk skal konserverast straks ved ensilering, frysing e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Alt avfall skal leverast behandlingsanlegg som er godkjent av SFT.

4.2 Medisin- og kjemikalierestar.

Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid samt andre spesielt miljøfarlege stoff inkludert emballasje skal samlast og lagrast forsvarleg før avhenting ved produsent eller annan instans som er godkjend av styresmaktene. Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

4.3 Anna avfall

Emballasje o.l. samt alt anna avfall som ikkje er omfatta av pkt 4.1 og 4.2 skal førast til godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

5. LAGRING AV MEDISIN OG KJEMIKALIER

Medisin, insekticid, kjemikalium mm skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell e.l ikkje vert slept ut, men kan samlast opp. Dette kan f.eks. sikrast ved hjelp av oppsamlingstankar eller ved å laga kantar som gjer eit stort nok volum.

6. KONTROLL

6.1. Rutiner for vedlikehald.

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med fôringsutstyr, eventuelle renseanlegg mm, slik at desse alltid vert drivne mest mogeleg effektivt. For å sikra dette, skal verksemda driva rutinemessig førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

6.2 Kontroll

Verksemda skal registrera og journalføra følgjande data;

- fiskemengde
- mengde død fisk
- mengde rømd fisk
- fôrtype og fôrforbruk
- bruk av:
  - -antibiotika, type og mengde
  - -insekticid, type og mengde
  - -andre kjemikalium
- resultat av eventuelle utsleppsmålingar
- mengde og samansetning oppsamla slam samt disponeringsmåte
- avfallsmengder og disponeringsmåte

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vera tilgjengeleg ved kontroll/inspeksjon.Verksemda pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som har fullmakt frå fylkesmannen inspisera anlegget når dei måtte ynskja det.

6.3 Årsrapport

Dersom fylkesmannen krev det, skal det utarbeidast ein rapport som viser siste års produksjon, avfallsmengder og håndtering, samt forbruk av fôr, medisin m.m. Årsrapporten skal leverast på standard skjema.

7. RESIPIENTGRANSKINGAR

Bedrifta pliktar å koste eller delta i dei granskingar fylkesmannen finn det naudsynt å gjennomføre for å kartlegge anlegget sin forureiningseffekt på resipienten, jfr, forureiningslova § 51. Bedrifta kan og verte pålagt å betale ein forholdsmessig del av kostnadane ved eit resipientundersøkingsprogram for området der anlegget er plassert.

Av konkrete granskingar stiller Møre og Romsdal fylke krav om at det skal gjennomførast overvaking som kan dokumentere eventuelle negative effektar av utsleppet. Overvakinga skal inntil anna blir bestemt omfatte jamnleg prøvetaking opp- og nedstraums for utslepps-punktet. Forslag til overvakingsopplegg (prøvepunkt, parameterutvalg og prøvefrekvens) skal Statkraft legge fram for fylket for godkjenning innan 30 dagar etter at endeleg løyve etter lakse- og innlandsfiskelova er gitt.

8. GENERELT

8.1 Eigenkontroll og ansvar

Verksemda pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syta for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader vert mest mogeleg avgrensa.

8.2 Akutte utslepp

Verksemda pliktar å gjennomføra tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av f.eks antibiotika, kjemikalium o.l.

Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen varslast så snart som mogeleg.

8.3 Forureiningsgebyr og straffeansvar

Forureiningsstyresmaktene kan etter § 73 i Forureiningslova gjera vedtak om forureiningsgebyr for å sikra at reglane i lova og vilkåra i dette løyvet vert etterlevde.

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kap.10 i Forureiningslova.

8.4 Endring av utsleppsløyvet

Dersom fylkesmannen finn det naudsynt, kan han krevja at ytterlegare tiltak vert gjennomførde for å hindra eller redusera forureining frå oppdrettsanlegget. Eventuelt kan han krevja at anlegget vert flytta når krava i § 18 i Forureiningslova "om endring og omgjøring av tillatelse" er oppfylte.

8.5 Nedlegging, eigarskifte, konkurs

Ved eigarskifte, inkludert eigarskifte i samband med konkurs, må det gjevast melding om dette til forureiningsstyresmaktene innan 4 veker. Det same gjeld ved endring av namn.

Ved nedlegging av drifta, f. eks. på grunn av konkurs, skal det også gjevast melding til forureiningsstyresmaktene, jfr. § 20 i Forureiningslova.

Verksemda er ansvarleg for rydding og istandsetting av det området som har vore i bruk, jf § 20 i Forureiningslova.